



Seljord kommune

Arkiv: G16
Saksnr.: 2020/591-30
Sakshand.: Finn-Arild Bystrøm
Direkte tlf.:
Dato: 22.04.2020

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval		24.04.2020

Forlenga forskrift om karantene påbod for folk som har vore i Oslo og Viken fylker utenom Kongsberg av 250420

Saksdokument:

Vedlegg:

- 1 Forskrift om karantene påbod for folk som har vært i Oslo og Viken fylker, utenom Kongsberg kommune av 250420

Saksutgreiing:

Dette er ein forlenging av forskrift om karantene påbod for folk som har vært i Viken og Oslo fylke, utanom Kongsberg kommune av 17.04.20.

Kommunestyret har den 15.04.20 i sak PS 37/20 delegerte avgjerd om forlenging av denne forskriften til formannskapet:

Med heimel i smittevernlova § 7-1, 6.ledd delegerar Kommunestyret avgjersmynde til å gjere vedtak med heimel i smittevernlova §4-1 og vurdere vidareføring av lokal forskrift om karantene påbod for folk som har vore i Oslo eller Viken fylker (utanom Kongsberg kommune) til formannskapet.

Forskrifta har til no våre handsama følgande gonger:

- 15.04.20 i kommunestyret
- 17.04.20, revidering i formannskapet
- 24.04.20, forlenging i formannskapet

Endringar frå forskrift av 17.04.20 til denne forskrift av 25.04.20 er følgande:


§ 6 For arbeidstakrar frå Oslo og Viken fylker (unnateke Kongsberg kommune), endra til
§ 6 For arbeidstakrar frå Oslo og Viken fylker (unnateke **Seljord og** Kongsberg kommune)

Endringa skjer ved at det er ulogisk at arbeidstakrarar frå Oslo og Viken kan jobbe i Seljord, men at arbeidstakrarar som er bufaste i Seljord må i heimekarantene. Det settast krav om at arbeidet fyst kan starte etter at kommuneoverlegen har godkjent smittevernplana for arbeidet.

Utvikling/endring frå handsaming 17.04.20 til i 23.04.20:

- Seljord manglar framleis tilstrekkeleg med smittevernutstyr. Bestillingar med vernemaskar byrjar å komme, frakkar, oksygenkonsentratorar har ikkje kome.
- Folkehelseinstituttet la fram sin sjette risikorapport den 21.04.20 for covid-19 epidemien som beskriv kunnskap, situasjon, prognose, risiko og respons i Noreg etter veke 16¹. Denne tak fram nokre viktig punkt:
 1. Oslo har det høgste talet meldte tilfelle i Noreg, 311 per 100 000. Dette er det dobbelte av landsgjennomsnittet. Dei siste tre veker er det ein nedgang i meldte tilfelle i Oslo².
 2. Dei fleste av dei 154 som har døyd av covid-19 er mellom 51 til 102 år, og kor 70% av dei som har døyd er 80 år eller eldre. Majoriteten av dette (62%) døde på sjukeheimar³.
 3. Liten endring i R (reproduksjonstalet) gir store utslag på smittespreiing. FHI meiner Noreg på landsbasis pr 21.04.20 ligg på $R=0,7$, i Seljord utan smitte er vi på 0, men blir beden om å førebu oss på $R=1,13$.

R over 1 betyr spreiing av smitta. Ved $R=1,50$ er det forventa at sjukdomsbilete vil utvikle seg slik som blå kurve.




¹ <https://www.fhi.no/contentassets/c9e459cd7cc24991810a0d28d7803bd0/notat-om-risiko-og-respons-21.04.2020.pdf>

² Side 8

³ Side 8

Under ser dykk korleis sjukdommen er forventa utvikla seg dersom $R=1,15$ (raudleg kurve). Blå kurve er der vi legg med $R=0,7$. Kurva er prognose for sjukhusinnleggingar.



Helseminister Bent Høie sa den 08.04.20 at med $R=0,7$, har vi kontroll på sjukdommen i Noreg, men den er ikkje over. Vi må framleis førebu oss på at smitta kan auke, og at kurven endrast raskt dersom R blir høgare.

Korona, Covid-19 er ikkje over sjølv om $R=0,7$.

FHI sin risikorapport av 21.04.20 seiar også at utviklinga framover er under tydeleg påverknad av totaliteten av smitteverntiltaka i Noreg. Den samla effekten av alle smitteverntiltak (statleg og lokalt) har våre meget god og brakt reproduksjonstalet ned til omlag 0,7. Det er ikkje mogleg å fastslå når smittetoppen kjem, det beror i stor grad på dei tiltak som settast inn⁴.

Det er framleis følgande hovudpunkt som redusera smitte⁵:

- Unngå unødig reise
- Halde naudsynt avstand/redusere kontakthyppigheit
- Ha gode hygienerutinar

Ved smitte er det framleis isolasjon som er den anbefala metoden⁶.

Kommuneoverlegen anbefala at forskrifta blir forlenga i 7-sju dagar med bakgrunn i at smitteverntiltaka fungerar, og dei gir ein skydd mot smitte i seljordsamfunnet frå menneskjer som kjem frå områder med dobbel så høg smitterisiko som elers i landet.

Seljord har pr 23.04.20 ikkje alt naudsynt smittvernmaterialiell på plass, så vi er framleis i ein noko sårbar situasjon.

⁴ Side 19 og 20

⁵ Side 20 og 21

⁶ Side 27, 40-42

Utsikt framover:

Barnehagar og skuler skal byrje å ta i mot barn og Noreg er i ferd med å opna forsiktig igjen. Med det bakteppe er det grunn til å problematisere om karanteneforbodet framleis skal virke.

På den eine sida så en ein avvikling av forskrift i tråd med opninga som skjer elers i samfunnet. På den andre side så kan det vera lurt å ikkje sleppe opp på alle tiltak samstundes. Gjer ein det gradvis vil ein ha betre kontroll på tiltak som verkar/ikkje verkar dersom smitten igjen aukar.

Rådmannen meinar det no er vanskeleg å gi eit eintydig signal, for eller i mot, men fell ned på å stø dei medisinskfaglege råda om framleis karantenepåbod for folk som har våre i Oslo og Viken fylker utanom Kongsberg kommune, ei veke til.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet i Seljord vedtek, Forskrift om karantenepåbod for folk som har vore i Oslo og Viken fylker utanom Kongsberg av 25.04.2020.

Forskrifta kunngjeraast på Norsk Lovtidend.

Utskrift til: